# i u-lage

Organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag 01/04



# Ledar

Av: Kåre Vignes



**Det fyssta I u-lage' i 2004 e ute på gater og strEder, med litt nytt og litt gammalt. Det e tross alt ikkje sååååååå lenge si nyttårsfesten.**

Vårsesongen står for dørå, med Stavtjørn-weekend og alt så e kjekt. Dette året har ein finnøybu sagt ja te å bli med som talar, meir om han og weekenden kjeme i neste avis.

Men sjøl om det e vinter og snart vår og slig, så e det faktisk på tide å begynna å tenka på neste år. Som ein gammale ungdomslagstravar som har gått siste løp på Lauvsnes, e det viktigaste for meg at der fortsatt e någen så vil gjer sitt for at miljøet der ute ska fortsetta å prega Finnøy. Og for at det ska gjer det, så trengs der folk så e med og drar lasset. Ingenting skjer av seg sjøl, og nå e snart tiå inne for å begynna å planlegga neste år.

Kan du tenka deg å var med i et styre? Vett du om någen så du trur har lyst, men e for beskjedne te å sei frå sjøl? Ikkje domt å begynna å tenka på dette nå, sjøl om me ikkje har komt lenger enn te februar. For så me vett så fyge tiå. Snart kan me plokka krokus og snøklokker mens me nynne "No livnar det i lundar"..

## Kommande arrangement

**27.02 Stikk-Innom**
**28.02 Stikk-Innom-fest**

**05.03 Åpen Hall**
**06.03 Fantasy-kveld**

**12.03 Stikk-Innom**
**13.03 Lovsongskveld**

**19.-21.03 Stavtjørn Weekend**

**26.03 Stikk-Innom**
**27.03 Men In Mission**

# Formannshilsen

Av: Anita Ildstad Rørtveit



**Hei, hei og nasse nøff! Eg trudde aldri eg sko få synga "Det snør det snør tittelibom. Det e d det gjer tittelibom" i dysjen denne vinteren. Men der tog eg feil og skjems øve min uvitende og forhåndsdømmande holdning.**

Nei, fordommar e slettes isje bra. Det va deiligt med litt snø, men nå har vår Herre tatt ann vekk igjen te forbausande mange fornødde fjes. Eg e litt uenige der, men lårhalsen te oss mennesker har vell godt av mindre kvide flekkar.

Januar e øve og det nya året e godt i gong. Me i styret e klare som någen egg te eit nytt halvår. Det skjer masse framøve. Weekenden e jo store. Espen idsøe ska ver med som talar, og det va knagande gjilt. Me håbe på fint ver og knagande og strålande skiføre. Men in Mission ska åg på scenen igjen. Det skjer i slutten av mars - helgå itte weekenden.

April velsigne oss med påskeferie. Det e stort det så påsken har å fortella oss. Større enn eg kan fatta egentiligt. Nå e det ikkje te å stikka onna ein stol at der e veldig møje eg isje forstår, men påskenbudskapet gir ein fred og glede innin meg sjøl om det e for stort te at eg kan fatta alt. Påskebudskapet e ein bra ting.

I april reise me åg te byen å bowle og tulle og tøyse. Det blir åg 60-talls fest. Så bare begynn å leid i gamle klesskap. Få klærne fram i lyset og pill ud møllen. Detta blir kult! Itte detta komme nye høydepunkt på høydepunkt: Ungdomsmøte! Ja du syns det hørres traust og mindre spennande ud? Ja, gutt dette må blir slutt. Det komme te å bli ein fantastiske kveld med masse masse kjekt opplegg og ein utfordring og to te deg.

Ungdomslaget arrangere åg ein blåtur i lag med Tor Øyvind! Kommunen har sponsa og slått på stortrommå. Me ska ud å reisa. Kor? Det e det bare to så vett. Tørr du ta sjansen? Det bleir megabra! Odelsguten - ungdomslagets reality tv! Ja, me kan isje røba meir, men når det komme - komme det med ett smell, bom bang. Me avslutte året med sameweekend. Ka e vell meir natu rligt enn det? Nei, nå spør du godt. Ha det godt!

PSST: Om der e någe du e fornødde med - eventuelt mindre fornødde med i ungdomslaget så e det bare å gi lyd. E det skummelt å ringa elle sei det direkte - skriv ein melding (412 46 181). Takk takk og nana!

I u-lage er organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag. Redaktør: Kåre Vignes. Layout: Henning Ildstad. Redaksjonsmedlemmer: Camilla Mjølsnes, Dorrit Vignes, Guri Vignes, Gøril Bleie Hanne Vastveit og Idunn Landa. Frilans: Tore Sevheim. Og berre så det er sagt: Me arbeidar IKKJE etter vær varsom-plakaten, og bryr oss slett ikkje om kva PFU har å seia om avisa vår. Følar du deg urettvist behandla nyttar det altså ikkje å klage oss inn for noko som helst. Skriv gjerne til oss på epost: **iulage@start.no**. Kontonummeret vårt er: **0530 43 21808**

# Andakt

Av: Janne Mjølsnes



**Nå sidde eg her, å ska prøva å få t ein någenlunde givandes andakt. Eg har fonne ud at ein andakt isje kan framprovoserast - om den sagen e dårr isje tvil… Men eg har lagt sagen i Herrens hender, så nå får me bare se ka d e an vil sei dokk jønå disse ordå så forhåbentligvis komme sigande ittekvart.**

Me e utruligt mongen så rusle rondt på denne jordå. Å me e adle utruligt forskjellige. Någen virke så di kan alt, å får alt t for seg, mens andre virke så di aldri får t någe som helst.

Eg har ofta sport Gud ka d e an vil me meg, ka d e an vil at eg ska bidra me her. Å eg må ærligt talt bare sei at eg isje føle at eg har fått någe bra svar t nå. Eg tenke på adle muligge ting så eg konne ha "spesialisert" meg på for å tjena an, å eg prøve jysla hardt å finna ud ka planen ans e. Men sama kor hardt eg prøve, så sko d vær klin umuligt. D e åbenlyst at an vil broga meg t *någe*. Eg e jo kristen, å planen e jo at adle kristne ska gjer någe for å få andre me seg på veien t himmelen. Så va d bare d, at eg sko likt å visst koss eg sko få dette t.

Eg e ingen talar, å definitivt ingen prest heller. Eg har isje fått någe konkret misjonærkall t nå, å eg e isje eingong særligt flinke t å lesa i min egen bibel. Eg syns av å t at d e kjedeligt på møder, å d hende eg bler driddleie av å hørra adle fortellingane om Jesus om igjen å om igjen. Andre gonger, di fleste gongene heldigvis, så får eg masse udav å gå på møder. Å eg syns d e hærrligt å kjenna at Gud ønske at eg ska hørra han t. Å når eg synge om an, å t an, så kjenne eg kor ufatteligt heldigge eg e så får låv t å hørra han t. Han har lagt heila jordå vår, å har sagt at sama kor me sidde eller står, ligge eller går, å sama ka me finne på av galskab, så e an her samen me oss. Eg får låv t å tru at eg ligge midt oppi håndå ans, trygt å varmt , å eg ligge der samen me adle di eg e glae i, å sga få låv t å ligg a der når eg e dø til å me. Tenk så fantastisk! I bibelen, Sal.37,4 så står d: "Gled deg i Herren!Så skal han gje deg det ditt hjerta trår etter. Set din veg i Herrens hand, så skal han gjera det."

Når eg lese dette verset, så bler d isje lenger så veldigt viktigt for meg å streva me å finna ud ka d e an vil broga meg t. Han seie jo at bare eg glede meg i han så ska an gje meg d eg søge itte. Å bare eg legge meg oppi håndå ans å stole på han, så ska an gjera d. Eg vil gjerna veda ka an vil broga meg t. Å når an seie an ska "gjera d", så trur eg d betyr at an ska visa meg nettopp dette, bare eg stole på an.

Tru på an, stol på an å legg deg oppi den sama trygga, varma håndå så eg har lagt meg oppi. Då vil Gud gje deg d du trenge, å visa deg ka d e an vil broga nettopp deg t. For at an e der ude einelleraen plass, å vett akkuratt koss du har d, d e eg eg heilt sikker på. Alt an vente på e at du sga sei t an at an ska få komma inn i hjerta ditt. Amen

# Stavtjørn Weekend

19.-21. mars



**D e endelig klart for Stavtjørn weekend igjen! Denne gongen har me fått me oss Espen Idsøe som talar. Tigg t deg 500kr av mamma og pakk sekken full av skiudstyr!**



Påmelding t Lars Vangen, tlf 992 40 187, innen lørdag 13. mars

# Nyttårsfesten

2003/2004



Av: Guri Vignes

**Ka skjer 31. desember kl. 19.30? Jo då e der nyttårsfest på Utsyn med ungdomslaget…**

Me begynte kvelden med d åndelega. Dorrit Vignes hadde vitnesbyrd med song. Guri Vignes hadde ein song. Og me fekk papannow skyggespel , vitnesbyrd av Svein Stang og allsang. Gøril Bleie og Dorrit Vignes leda oss ijønå kvelden. Litt unødvendig uro i salen va der jo… Maden den fekk me ca kvart på ni. Laga av Marianne Ildstad. All ære te hu. Kjempe go mad=) Røykt svinakam, poteter, rosenkål, gulrøtter med saus gjore dette te ein fest middag! Desserten fekk me i hall ti tiå, vanilje is med sjokolade kaka nam nam…

Så fekk me talane. Marie Lunde hållt herrenes tale og Øystein Bergøy hållt damenes tale. Dei va kjempe go begge to! I Øystein sin tale fekk eg me meg at han sko eda eklare mad enn Toralf Ladstein sina våtaste drømmar. For å hålla seg uluktande. Bursdags barn va der og. Både på nyttårsafta og fussta dag. Gina Hallerud hadde bursdag på nyttår. Og Runar Steinnes fussta dag. Lars Vangen framførte ein song til Gina. Me litt humoristisk sans. Ittligning av stor øvedriving. D va Lars Vangen, Øystein Bergøy og Oddvar Vignes så sto for underholdningå… D besto av den verste sketsjen någen sinne te rompe shaking av Lars og Øystein i kvite miniskjørt (ikkje et fint syn).

Mini Lars måtte og komma opp på senen. Då snakke me allså om bror te Lars Reilstad, Torstein. Men nå va d Gøril og Dorrit så sto for d. Gøril sko videreføra tradisjonen te broren, Eivind Bleie. Han hadde tradisjon me at han tok med seg ei jenta så va ca ti år yngre opp på senen å sang ein sang for hu. Som regel va han isamen me hu innen to veker… Gøril og Dorrit fekk med seg mini Lars opp på senen og sang sussebass sangen, det blei hans sang. Kyss måtte der jo og ver, på kver sitt kinn av Dorrit og Gøril. Me fekk ein lek av Joar Vignes, Torstein Reilstad, Ole A. Sivertsen og Odd Bergøy, den vant Magne Eggebø.

Der blei og delt du någen prisar. Årets syltelabb, årets flørt og årets drivebyhunter. Svein Stang fekk både prisen for årets syltelabb og drivebyhunter, men kim andre enn Kjetil Sevheim fekk prisen for årets flørt…

Klokkå nærma seg elleve, og det blei kjerketid. Ungdomslaget hadde bestilllt buss så me sko komma oss trygt bort og tebage. Då blei d ikkje så mangen turar på dei få så hadde bil. D va et godt tiltak. I kjerkå va Eirik Rørtveit prest, me fekk preike og møje fine sang. D va sang av Gøril og Dorrit, Trygve og Svanhild Spanne og masse allsang…

Så va endelig tiå for rakettane kommen. Någen hadde sneke seg føre og skåde opp någen før tåll, men der va ein del når d nya året begynte og. Mangen nytt års klemmar blei utdelt, koselige stonn=) Mens mangen va i kjerkå va någen igjen å rydda te kaffi border. Dei konne frista me brus, fruktfat, kaker, kransakaker og masse go mad å kosa seg med!

Då underholdningen begynte igjen fekk me besøk av tri så hadde vore å feirt nytt år i tysker hålene. D va visst ganske vått å ekkelt der inne. Dei hadde ein oppvarmingssong allså hode skulder kne og tå kne og tå. På tysk! Ganske løye blei d. Svein Stang fekk og prisen onnasen. Dårlige golfspelar va et av grunnlagå. Denne prisen va han faktisk ganske enige me dommerane på. Nå tebage te rompeshakingå te Lars og Øystein. D heila begynte med den ensomme sangen te Oddvar. Om kaffor han va aleina. Og Lars og Øystein endte opp me å ver døtrene te Oddvar så danste frekkt på natt klubb. Dette va faktisk ganske løye.

Ittepå så sko me rydda plass te bønnelenka, den va koselige. Så blei d meir rydding for dei så sko d. Folk va igjen på utsyn t ca morning. Der va vertfall folk te 5 om morningen.

D blei ein skikkelege nyttårsfest denne gongen og!!!!

# Crazy Hair Nigth

24. januar



Av: Guri Vignes

**Kvelden begynte klokkå 20.00 på Lauvsnes. Folkå begynte å siga på å någen kom me någen heilt ekstreme frisyrar…**

Ein del hadde brukt flaske ideen. Me fekk og mad denne kvelden. Hamburgarar me salat, løk og tomat. Nam nam. Itte maden hadde me någen konkuransar… selvfølgeligt va ein av dei ein me sko jera någe me håret… Me hadde 10 minutter på å laga ein på laget ditt den mest crazyast frisyren.

Kristi Nordbø sin frisyre med eit fat me mad oppå håvet gjekk av med seieren, denne grup på besto av åttende klassingar. Me fekk og kåring av det finaste håret, styggaste håret og det mest kreative. June Mjølsnes gjekk av me seieren for det mest kreative. Hu hadde brukt flaskeideen. Hadde tvinnt rundt julaglitter og pryda toppen med ei prinsessekrona. Arna Eggebø gjekk av me seieren for det styggaste. Hu hadde tupert det så stort at hu blokkerte sikten for nesten tri stykk om gongen. (fekk møje skrøyt av denne frisyren allså.) Anne Terese Ekelund fekk for det finaste. Det va itte konkurransen. Det va satt opp me både mjøl ketchup å glas, bare for å nevna någen av ingridiensene.

Lars Reilstad hadde fått for det mest eklaste det e nå heilt sikkert, men dei hadde ikkje lagt någen sånn ein pris… der va der både zalo å bananskal å møje forskjellig gøsj… Folk blei igjen på bedehuset ei og stonn ittepå som vanlig stikk innom. Eg trur nok folk koste seg…











# Kake Grand Prix

31. januar



Av: Inghild Skeiseid

Å arrangere kakekveld ein av dei kaldaste dagane me har hatt denne vinteren var ein genial ide. Sidan ungdomslaget har skrudd ned varmen for å spara pengar, skulle me denne kvelden heller la kroppen forbrenne mest mogleg kake og la varmen kome innanfrå. Då gjorde det ingenting at me sat inne og pusta frostrøyk.

Men det som varma mest var synet av alle kakene som små og store hadde lagt mykje tid og arbeid ned i. Det må seiast at det var dei "små"som stilte sterkast på kakebakefronten denne kvelden. Kristoffer Hodne Haugen var den einaste over ungdomskuletrinnet som stilte med kaka. Med den innkjøpte rullekaka, dekka med melisglasur og kakepynt klarte han å kapra premien for den verste og ringaste kaka.

Kakebaking har sidan Adam og Eva si tid vore ein kvinnesport, men forutan Kristoffer, stilte også tre unge, modige karer opp med kaker denne kvelden. Slikt tykkjer eg fortener å bli nemnt. Joar Vignes og Jakob Steinnes hadde laga fotballbane, dekorert med utrente seigmenn, medan Terje Madland laga favorittkaka si slik at han kunne vera sikker på at noko ville smake godt denne kvelden.

Kvelden bar preg av lite planlegging og organisering, men vår nestformann, Marianne Ildstad, tok ansvar og fekk dratt i gang leikar i samarbeid med Kristoffer. Det må seiast at ungdomen i dag ikkje er så vanskeleg å glede som eg hadde trudd. Det blei lått og løye, og dei fleste verka glade og fornøgde med situasjonen.

Ingen andaktshaldar dukka opp denne kvelden, men det kan me nok ikkje gje andaktshaldaren skylda for, for han eller ho var ikkje blitt spurt heller. Og slike "jille" folk kan me jo ikkje rekne med dukkar opp heilt av seg sjølv, dei bør bli spurt fyrst. Men i mangel av Guds ord hadde nokon forma kaka si som eit kors slik at me i alle fall kunne hugse på hovudgrunnen til at me samlast på Lauvsnes bedehus kvar helg.

I ni tida var det tid for kakesmaking, og det varte ikkje lenge før du fekk den gode kvalme smaken etter å ha ete for mykje kake. Sidan det ikkje vart organisert noko demokratisk avstemning om kva kaker som skulle bli dekorert med premie, fekk Oddvar og Kenneth dette ansvaret åleine. Noko som sjølvsagt førte til mange dårlege og useriøse grunngjevingar for utdeling av premiane.

Etter at premiutdelinga var avslutta sa kveldens ansvarlege person at no kunne me jo ha kake- krig. I eit rom som er fullt med førti ungdomar, proppfulle av karbohydrat, er ikkje dette særleg lurt å seie, sjølv om det berre er meint som ein spøk. Historia enda i alle fall med at Terje aldri fekk med seg rester av kaka si heim til far sin, slik han hadde lova. Den enda heller på vegger og golv saman med resten av dei andre kakene.

I denne bombardering av kaker, sneik eg meg ut døra, medan eg bedde ei kort bøn for dei vaskeansvarlege.





# Generasjonsløft

1. februar



Av: Lars Rørtveit

**Et solid løft for Colombia-prosjektet: Nær femten tusen kroner kunne me sende frå oss etter Generasjonsløft 2003, som åpna med ”Alle, alle vil vi ha med… Far og mor, liten og stor, søster og bror, bestemor og far-bror…”.**

Veldig bra songvalg Inghild (PS! Unge Skeiseid var øverste sjef og hu leda for øvrig arrangementet på beste vis!!), tenkte eg då eg såg rundt meg på alle som song av full hals, mens dei ivrig peikte og løfta handa for å vise kven som var høge, litt mindre høge og ganske så låge. Men så lurer Inghild ennå et lysark bort på overheaden: ”Rask og seeeeeeen, stygg og pen..” Dette verset kunne eg ikkje huske frå søndagskulen!! Hadde Osmund og Ruth sensurert eller hadde Inghild dikta et nytt vers??? Unge og gamle songarar blei med litt usikre: Kva bevegelsar var det som passa til denne teksten då, kor og på kven skulle ein peike nå??? Etter litt nøling trur eg dei fleste konkluderte med at her var berre raske og pene og dei peika på rett tid og synginga tok seg opp igjen.

Jo, her var alle generasjonar samla. Men ikkje for lenge. Det skulle vere ”søndagskule” i kjellaren og fleire av søndagskuleungane måtte ha med seg følge av mor, bror eller bestefar. Oss som var igjen oppe fekk nå høyre frå Colombia. Det gjer sterkt inntrykk når Aud Hoftun fortel om barna i Colombia, og det motiverer oss alle til prøve å hjelpe dei som ikkje har det så godt.

Ut i frå det me blei vist og fortalt av Biskop Tito, Aud og Per Hoftun kan me vere trygge på at kvar ei krone som blei lagt i korgene på Emmaus denne flotte søndagen kjem til nytte i Colombia og med alle utfordringane som ventar er det berre å fortsette arbeidet for alle barna som ventar på ei betre framtid.

Matsalg, tipping og amerikansk auksjon var det som skulle bli til mat og undervisning for barna i Colombia. Det var veldig mange som hadde bidratt med gaver, kaker og smørbrød og det var mange som bidrog for å gjere dette om til sedlar og myntar. Arne og Reidar kan amerikansk auksjon som ingen andre!!!

Amerikansk auksjon tar på stemmen, så Reidar hadde sikra seg at Mannskoret song før auksjonen. I tillegg til Mannskoret var det og musikalsk innslag av alle søndagskuleungane som hadde vore i kjellaren og øvd, eller rettare sagt dei av søndagsskuleungane som vågte seg fram på scenen. Mannskoret hadde og stort frafall i dag; sjukdom, selskap og reising var grunnar til det, sjølv om Tor Øyvind hevda at dei som mangla ikkje hadde klart audition (PS! Neste øving er fredag 20 februar klokka 20 på Reilstad bedehus. Me treng fleire ivrige songarar!!).

Til slutt må me nevne konkurransen om kva for ein generasjon som stilte sterkast, var det ikkje din, nei då må du gjere noko med dette til neste år… Premien i år gjekk til Astrid Nærland og den generasjonen hu høyrer til og ein skal som sagt ikkje…alder og damer og sånn…

Lars Rørtveit, frå 1970 - generasjonen (ja så gammale ja) som hadde svært, svært få navn på lista…

# Bingo-Banan kveld

7. Februar



Av: Gøril Bleie

**Denne kvelden var det tid for bingo på Lauvsnes bedehus. Lars og Kjelly hadde fått lånt et proft bingospel frå fleirbrukshallen vår.**

Før bingoen blei fyrt i gang var det Kitta eller nærmare bestemt Kristian Olav Sevheim så fortalte oss någen fornuftige ord. Han snakka litt om at det var viktig at me ikkje prøvde å se kor långt vekk i frå Gud me kan komma, men heller konsentrera oss om koss nærme me kan komma Gud.

Itte andakten konne me kjøba bingobrett te 10 kr stykke. Då alle brettå va utsolgt snurra Lars bingohjule og bananbingoen va i gang. Gevinstane kan du godt sei va lide varierande. Alle gevinstane hadde ett elle aent me banan å gjør ser du. Gevinstane va blant aent ein klase me bananar, bananyougurt, banansnob. Kjelly hadde robba handelsslaget for alt snob så hadde banan i seg, å det var der faktisk ein del av.





Festligt.. Som du ser var det ein forutsetning at du ligte bananar for å ha det kjekt denna kvelden. Å det trur eg de fleste gjor! Konsentrasjonen va i spenn hoss de fleste spelerande. Alle sikla itte å få vinna ein fristane klase me goe bananar!

Ein viktige regel gjennom legen va at ein sko roba banan når me fekk bingo.



Ropte me bingo blei det ingen premie. I begynnelsen syntest de fleste at det va ganske rart at de tok så långe ti før någen fekk bingo. Itte kvert forstod me feilen. Bingokulene gjekk heilt te 90, mens brette bare gjekk te 75.. Men sånne smålige hensyn tog kje Lars, å han bare fortsette å lesa opp de talå så kom ud av hjule.

Itte at folk va blitt leie av bingo, blei det vist filmklipp frå forskjellige arrangement så me har hatt i løbe av hausten. Me fekk for eksempel se klipp frå Idol og haustweekend. Filmsnuttane va veldig proft lagt te! Den ska du ha Henning!!! Filmsnuttane va veldig festlige og dei blei repetert opp te fleire gonger i løbe av kvelden.

Morsomme kveld Kjelly og Lars! Bra jobba!!



Kopiert hjå:
BYGGMAKKER Ladstein Fordi det lønner seg!
NORBOHUS Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!